

Nyhende
Malsider

Sport

Kultur

Magasiner

Bildeseriar

Begeistringen

Tilframsida

tirsdag 29.06.09



www.nordhordland.no

Søk

Tilbake til saken (<http://www.nordhordland.no/puls/article4377016.ece>)

SKULEDAG I VIKINGLAND: Mona Mongstad Storsæter frå sjetteklassen på Lindås fyrar av, Rannveig Knarvik frå trinnet under ventar spent i køen.

Byta blyant med langboge

Elevar frå Lindås-skulen.Av [Alle Vaage](#) Publisert 04.06.2009 - 15:21 Oppdatert 04.06.2009 - 17:46

Torsdag var elevar frå Seim og Lindås på Lygra og fekk prøva seg på våre forfedre sin harde kvardag.

Dagen før var Alversund og Festo med på same opplegg.

Tilaket er finansiert gjennom Den Kulturelle Skulesekken, medan Museumssenteret i Hordaland står for gjennomføringa.

- Ikke enkelt

Ved bogeskytinga spenner Mona Mongstad Storsæter frå sjetteklassen på Lindås alle musklane, knip at einne auget og fyrar av. Rannveig Knarvik frå årstrinnet under står spent og ventar på tur.

Begge to har prøvd bogeskytingskunsten ein gong tidlegare, det var på Bruvoll camping.

- Veldig gøy, men det er vanskeleg. Verst er det å passa på å ha den rette teknikken når du skyt, samstundes som du skal klara å sikta på blinken, seier jentene.

Mona vedgår at det er litt ekkelt akkurat i det ein skyt, medan Rannveig viser fram eit lite sår med fersk blod som prov på at bogestrengen er kvass nok å koma ut for.

- Vi har ete fisk og skote. No skal vi bort og laga smykke. Kuit at dei lagar til ein silk dag, seier jentene som har kunnskapen om den tida aktivitetane kjem frå på plass.**- Vi har hatt om dette på skulen,** så vi visste mykje frå før, forsikrar dei.**- Perfekt område****- Området her på Lygra er perfekt for uteskule,** her får elevane prøva seg på toving og flintarbeid, dei lagar smykke og skyt med pil og boge. Borte ved informasjonsbygget steikar dei fisk til mat, fortel Randi Andersen.

Ho er ein av leiarane, og til dagleg avdelingsleiar ved Osterøy museum.

- Det elevane får prøva her er 2-4000 år gamle arbeidsteknikkar. Ikke minst får dei læra at det som er sjøvsagt for oss i dag, var ting som tok lang tid før i tida, seier Andersen.

Seinare i juni skal skular i Austrheim og Masfjorden ta del i same opplegget. Men då pakkar museumsfolka utstyret i bilane, og lagar til flintverkstad, bogeskyting med meir ute på skulane.

Copyright deklarasjon

Innholdet i utskriften er vernet etter åndsverklovens regler. Utskriften er kun til privat bruk og kan ikke benyttes på annen måte. Kopiering eller spredning av innholdet krever avtale med rettighetshaver eller Kopinor.